

## UNIVERSITETET I BERGEN

Det matematisk-naturvitenskapelige fakultet

---

Arkivkode:

Saksnr.: 21/8283

---

---

Fakultetsstyresak: **43**

Møte: 3. november 2021

---

---

### Studieplanendringar hausten 2021

---

#### BAKGRUNN

Fakultetet har to faste årlege fristar for innmelding av endringar i studieplanar for studieprogram og emne. Store studieplanendringar har frist første oktober. Etter vedtak i fakultetsstyret skal forslaga til endring til vidare handsaming i [Universitetets utdanningsutval](#) og til endeleg vedtak i Universitetsstyret. Endringane vart også drøfta i fakultetets studieutval 20. oktober 2021.

#### Institutt for biovitenskap

[Profesjonsstudiet i fiskehelse](#) endrar namn til «Profesjonsstudiet i fiskehelse – akvamedisin».

[Integrert masterprogram i havbruk og sjømat](#) endrar namn til «Integrert masterprogram i havbruk (sivilingeniør)».

*Bakgrunn: Instituttet ynskjer å innlemme ordet akvamedisin av rekrutteringsomsyn. Nytt namn til havbruk og sjømat har bakgrunn i tilbakemeldingar frå studentar som ynskjer å gå vekk frå "sjømat" terminologien og at ordet havbruk er eit meir dekkande ord som saman med sivilingeniør tydeleggjer at dette er eit tverrfagleg program.*

#### Institutt for fysikk og teknologi

Det [2-årige masterprogrammet i havteknologi](#) vert lagt ned f.o.m. hausten 2022.

*Bakgrunn: Hovudmålgruppa for studieprogrammet var studentar frå HVL med bakgrunn innan marinteknikk og elektrofag, UiB-studentar med fysikkbakgrunn og studentar med relevant bachelorgrad frå forsvarets Høgskule sjøkrigsskulen. Det har ikkje vore etterspurnad i tiltenkt målgruppe og drift av studieprogrammet har vore ressurskrevjande. Instituttet ynskjer heller å fokusere på det velfungerande 5-årige integrerte masterprogrammet i havteknologi.*

[Masterprogrammet i petroleumsteknologi](#) endrar namn til «Masterprogram i reservoar- og geoenergi»

[Masterprogram i prosesssteknologi](#) endrar namn til «Masterprogram i "Energi- og prosesssteknologi».

*Bakgrunn: Begge namneendringane vert foreslått for å gje eit meir dekkande namn på innhaldet i studieprogramma.*

#### Lektorutdanningsutvalet ved MN ([LU](#))

Lektorutdanningsutvalet ønsker at R2-kravet for vert endra tilbake til kravkode LÆREAL frå og med opptak hausten 2022.

Institutt for geovitskap trekker seg ut av lektorprogrammet. Dermed vil ikkje geofag være aktuelt for fag 1 og 2 i [Lektorprogrammet I naturvitskap og matematikk](#)

**FORSLAG TIL VEDTAK**

Fakultetsstyre tilrår namneendring på det 5-årige integrerte masterprogrammet i havbruk og sjømat og nedlegging av det 2-årige masterprogrammet i havteknologi. Fakultetsstyret tilrår også endring av kravkode LÆREAL.

25.10 2021/STB og INC

Gunn Mangerud  
dekan